

Dei vidaregåande skulane i HFK

Dato: 12.08.2016  
Vår ref.: 2016/8400-1  
Saksbehandlar: asthje  
Dykkar ref.:

## Ny fráværsgrense for elevar ved dei vidaregåande skulane gjeldande frå 1. august 2016

Frå 1. august 2016 er det innført fráværsgrense for elevar i dei vidaregåande skulane jf. [Rundskriv Udir 3-2016 Fráværsgrense](#).

Hensikta med innføring av fráværsgrense er å motivere elevane til jamn innsats og å forhindre skulk. Fráværsgrensa gjeld for elevar i vidaregåande skule, men ikkje for lærlingar, lærekandidatar og vaksne. Det er sær s viktig at elevar og føresette blir informert om endringane allereie frå skulestart.

## HFK sine presiseringar kring fráværsgrensa (per 12.8.2016)

### 1. Retningslinjer for dokumentasjon

I Udir 3-2016, s. 4 står det at «Fylkeskommunene kan velge å utarbeide nærmere retningslinjer for hva slags dokumentasjon som kreves for ulikt fravær.» Hordaland fylkeskommune har ikkje sett det som nødvendig med ytterlegare presiseringar enn dei som går fram av Udir 3-2016. I rundskrivet side 3 «Noe fravær kan unntas» viser Utdanningsdirektoratet mellom anna til dokumentet «[Fravær i videregående opplæring](#)» som omtalar ulike formar for frávær. Opplæringsavdelinga vil våren 2017 vurdere om det er naudsynt med nærare lokale presiseringar.

Rektor har ansvaret for at skulen utarbeider gode rutinar for handsaming av

- dokumentasjon på frávær i enkeltfag
- krav frå eleven om at frávær ikkje skal førast på vitnemålet/kompetansebeviset (jf. [forskrift til opplæringslova § 3-47 \(5\)](#))
- krav frå eleven om at årsak til fráværet skal førast på eit vedlegg til vitnemålet/kompetansebeviset (jf. [forskrift til opplæringslova § 3-47 \(3\)](#)).

Elevane må oppmodast til å levere dokumentasjon på fráværet sitt så tidleg som mogeleg.

### 2. Forseintkoming og timefrávær

I Udir 3-2016 s. 5 står det: «Fylkeskommunen, eventuelt skolen, bør regulere i ordensreglementet når fravær i deler av en time skal regnes som forsentkoming, og når fravær skal føres for en hel time.»

#### I Hordaland fylkeskommune gjeld følgjande:

- For undervisningstimar som varer inntil 60 minutt:  
Dersom eleven møter inntil 15 minutt forseint til undervisningstimen, skal det reknast som forseintkoming. Dersom eleven møter 15. minutt eller seinare til undervisningstimen, skal det reknast som frávær.
- For undervisningstimar som varer over 60 minutt:

Skulen kan utvide grensa for forseintkoming til inntil 25% av undervisningsøkta si lengde. Ordninga må i tilfelle gjelde for heile skulen.

Forseintkoming er eit brot på ordens- og åtferdsreglementet § 4 (2) og kan føre til nedsatt karakter i orden og åtferd jf. § 5 (2).

### **3. Inntak til Vg2 eller Vg3 for elevar som ikkje har bestått alle fag**

I Udir 3-2016, s. 6 «Inntak til Vg2 eller Vg3» står det: «*Utgangspunktet er at elever må ha bestått i alle fag på det aktuelle trinnet for å tas inn på Vg2 og Vg3, jf. forskrift til opplæringsloven § 6-28. Det vil si at en elev som hovedregel minst må ha karakteren 2 i alle fag for å begynne på neste opplæringsår. Det finnes imidlertid unntak fra dette i § 6-37 for elever som ikke har bestått i alle fag (fått 1, IV eller har overtrådt fraværgrensen). Fylkeskommunen må da foreta en helhetlig vurdering av om det er forsvarlig å flytte eleven opp til neste nivå. Eleven må fortsatt bestå faget for å få vitnemål.*»

I Hordaland fylkeskommune er det rektor som skal tilrå om eleven likevel bør takast inn til neste nivå. Tilrådinga skal sendast til inntakskontoret som føretek vidare sakshandsaming.

### **4. Fulltidselev/deltidselev**

I Udir 3-2016 s. 6 står det: «*Fylkeskommunen (rektor, hvis myndigheten er delegert) kan avgjøre om en fulltidselev likevel kan bli deltidselev, hvis det foreligger tungtveiende grunner, jf. forskriften § 6-5. Fylkeskommunen bør se på overtrådt fraværgrense i ett eller flere fag som en tungtveiende grunn.*»

I Hordaland fylkeskommune er overskriden fraværgrense i eitt eller fleire fag ein tungtvegande grunn til å fatte enkeltvedtak om status som deltidselev. Det er rektor som kan avgjere om ein fulltidselev likevel kan bli deltidselev.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*